



NY SPRØYTEMASKIN: Nøgne karar i produksjonen. Geir Goflebakke (t.v.), Josef Ferrar, Håvard Nyhagen og Even Viken.

Vyrk har investert to millionar i nytt anlegg for sprøytemåling

- Går så det «griner»

Suksessbedrifta i Rogne, som leverer ferdig måla eller beisa panel og listverk, aukar kapasiteten mykje med den nye maskina, den fyrste i sitt slag i Norge.

TOR HARALD SKOGHEIM
tor.harald@avisa-valdres.no

ØYSTRE SLIDRE: Maskina har vore i drift i vel ei veke, og dagleg leiar Steinar Lyseng er veldig nøgd.

- Vi sparar inn ein halvtime kvar gong vi skal skifte farge under produksjonen. Det betyr at vi kan kjøre gjennom mykje meir kvar dag, og kan førebels avvente med å gå over til å jobbe to skift, seier han.

Kan kjøre utan stopp

Hovudforskjellen ligg i at det nye anlegget har tre kammer for påsprøyting av måling eller beis, mot vanlegvis berre eitt kammer.

I kvart kammer er det tre dysar som med høgt trykk syter for jamn påføring på materialane som rullar raskt gjennom.

- Før måtte vi stoppe produksjonen ein halv time for å vaske og reingjere dysar og kammer kvar gong vi skulle skifte farge. No kan vi berre kople over til eit anna, klargjort kammer og kan



DRØFTAR DYSEJUSTERING: Dagleg leiar Steinar Lyseng (t.v.) og produksjonsleiar Håvard Nyhagen ved nyanlegget.

halde fram utan stopp, fortel Lyseng.

Det tok ei snau veke å montere det nye anlegget, og nokre ekstra lange dagar måtte til for å kome à jour i produksjonen.

- På det meste kjørte vi gjennom 15.000 løpemeter material på ein dag, med to strøk på alt, seier Lyseng, som legg til at stor kapasitet er viktig sidan ordrebøkene er godt som fulle.

Oppgang i Valdres

Særs mykje framover går til tre store prosjekt med i alt rundt 400 leilegheiter. Det er Ridderstølen i sentrum på Beitostølen, Aasgarden like nord for Beitostølen og det store Fýri Hemse-dal.

- Her skal vi levere alt i innvendig panel, listverk og utforingar, så det blir mange meter, seier han.

Mykje av totalproduksjonen går til Hallingdal, men det er positiv utvikling også i Valdres, sjølv om hallingane framleis tek unna det doble.

- Triveleg å sjå at mange lokale byggmeistarar ynskjer å bruke produkta våre, når desse i kvalitet og pris fullt ut kan måle seg med anna på marknaden, seier Lyseng.

Han legg til at Vyrk leverer produkt også til mindre byggeprosjekt, som enkelthytter og hus samt oppussing av ulikt slag.

Vyrk har no elleve fast tilsette



NYE: Dagleg leiar Steinar Lyseng (midten) saman med marknadsansvarleg Guro Håvelsrud Odden og seljar Hans Petter Walmann.

ved bedrifta i Rogne, som held til i dei tidlegare lokala til Helle slakteri.

Like mange tilsette er det ved Trysil Interiørtre AS, der Vyrk kjøpte seg inn i 2017 og no eig 100 prosent, og der raude tal er snudd til positive i fjor.

Aukar på sal

Lyseng fortel at dei er i ferd med å rekruttere nye tilsette innanfor sal, i tillegg til Hans Petter Walmann, som har vore med på laget sidan april i fjor.

- Frå nyttår tilsette vi dessutan Guro Håvelsrud Odden i ei full stilling som marknadsansvarleg, også dette var det stort behov for, seier han.

Vyrk har kvart år sidan opp-

starten i 2005 hatt jamn og stor vekst både i omsetning og resultat. I fjor var omsetninga på 43 millionar kroner, målet er å nå 50 millionar i løpet av 2020. Og dette er berre på bedrifta i Rogne.

Blant kundane siste åra, med produkt frå Rogne og/eller Trysil, finn vi både offentlege bygg og store næringsbygg både i inn- og utland. Gardermoen kan nemnast, saman med Hotell Rica Seilet i Molde, trehotellet Mjøstårnet i Brumunddal og Petter Stordalens storsatsing i Oslo, Clarion Hotel The Hub.

Og vi skal heller ikkje gløyme dei spesielle Fosstopphytene i Hedalen, der godt som alt treverk er levert av Vyrk.